

Kari Midtigard på Tinn

”Kjenner du Kari Midtigard på Tinn, ho e’ så fager, ho e så fin. Ho slepper alle beilarar inn, så nå har ho mista ungdomen sin” heiter det i stevet til springaren Kari Midtigard på Tinn. Denne Kari det her er tal om var Kari Varen. Ho var fødd i 1772, døydde omkring 1855 og var nok langt meir fargerik og interessant enn det blir ymta innpå om i stevet.

Varen, der Kari var i frå, er ein liten stad i mellom Langlim og Åmotsdal i Seljord. Bestefar hennar, Olav Knutson, rudde denne plassen. Han var leigesoldat, eller ”gevaren” som det heitte, og plassen fekk difor dette namnet. Det blir sagt at folka etter denne soldaten var både hendige og gåverike, og dei gjekk under fellesnemnaren ”Vareskallane”.

Kari hadde mange namn: Kari Midtigard blei ho kalla når ho som tenestejente arbeidde ei tid på Midtigard Lurås i Tinn. Her fekk ho ein son med Halvor Lurås, farbroren til den kjende spelemannen og rosemålararen Knut Lurås. Denne guten blei også kalla Knut.

Sidan ho fekk denne sonen ugift måtte ho reise heim til Åmotsdal og taka seg av honom på eiga hand. Det var nok i denne tida folkemobben dikta stevet om henne.

Knut var med mor si heilt til konfirmasjonsalderen.

Medan Knut var liten fekk Kari ein son til, denne gongen med ein Ole Guldbrandsen. Honom kalla ho for Halvor - det same namnet som far til den fyrste sonen hennar bor.

Halvor Lurås blei gift til Hovde i Tuddal etter han fekk lausungen med Kari. Men Halvor og kona fekk ikkje born saman, og vesle Knut fekk da koma til far sin, og blei så heitande Knut Halvorson Hovde (1807-1888). Han blei etterkvart ein særst omtykt rosemålar.

Eit anna namn på Kari var Fugge-Kari. Dette var truleg fordi ho var eit oppkome av gamle segner og viser (jmf. ”visefugg”). M. B. Landstad var veldig merksam på denne kjelda og skreiv opp folkeminne etter henne. Men Kari var noko snodig og var nok ikkje alltid enkel å forhalde seg til. Ein veit ikkje heilt kva og kor mykje Landstad fekk skrive ned av Kari sitt materiale.

Ein gong Landstad ville ha henne med ut i ein kove for å fortelje og synge hadde ho ei ulune og la på sprang og gøynde seg.

Ho arbeidde mykje på legd og både åleine og saman med ei dei kalla Språke-Hæge reiste ho omkring og underheldt folk med soger og viser. Slik greidde ho på sett og vis å leva av, og i det minste leva ut kunsten sin.

For ho var kunstnar og skilde seg nok ut i frå andre vanlege bygdefolk. Folk snakka om henne - gjerne nedlatande, særleg om det dei såg på som lausaktig – da ho hadde to ungar med to ulike fedrar utanfor ekteskap. Men nokon sansa også kva Kari sto for: Sanninga var kanskje den at fedrane til sønene hennar forsto seg på Kari – og Kari, åleine som ho kjende seg, fall for dette og slapp dei innpå seg.

Men heller ikkje dette gjekk henne godt, og ho blei åleine resten av levetida si.

Nokon syng: *”Kjenner du Kari Midtigard på Tinn, ho slepp ingen fillefantar inn.”* Her høyrer me den motsette historia. Folkemeininga var delt med omsyn til den vesle, fuggelege dama.

Det finst ei vise i tradisjon som heiter ”Fugge-Karis vise”. Kari kunne korkje lesa eller skrive, men det var likevel ho som dikta denne – med hug og husk som reiskap. Her seier ho mellom anna:

”Var eg for ring til at vera din likje, fyr hev du sovi så ofte med meg. Kvi hev du lokka mitt hjerte så lenge, at eg slik truska skulle fange til deg. Det sømmer ei sig, at tale til dig, eg hilser adjø og takk ære for mig.”

Det er ei forrådd og sviken Kari som syng her.
Kanskje gløymde ho aldri Halvor Lurås.

På sine eldre dagar reiste Kari over til Tuddal for å vitje sonen sin - Knut. Ho banka på, og Knut opna og såg mor si stå ute i snøkavet og ville inn. Men Knut Hovde nekta mor si. Kanskje kjende han henne ikkje att, eller kanskje kjende han henne så alt for godt. Mogleg var det vel òg at Kari hadde ei av ulunene sine, og at Knut difor ikkje orka ha henne i hus. Korleis det var og ikkje var så måtte uansett Kari vende heim, og seinare såg ingen henne. Truleg har den gamle kona frose i hel på fjellet på vegen heim. Ingen veit kvar ho døydde, og ingen veit kvar ho ligg. Men slekta etter henne er stor i Telemark, og mange av desse har bore dei same trekka som ”vareskallane” i si tid skal ha hatt – det har vore gode og velkjende handverkarar, kunstnarar og musikarar.

Kari er og blir ein mystisk skapnad frå farne tider. Sjølv om ingen gånge at ho la seg ned og døydde lever det framleis mykje etter henne. Folk fekk kalle det kva dei ville kva som skjedde mellom henne og Halvor Lurås, slik det blir skildra i steva om Kari Midtigard. Men underskrivande er nå uansett svært glad for at det som skjedde skjedde; for resultatet blei nemleg Knut Halvorson Hovde, og han var min tippoldefar.

Anbefala innspeling:

Jørgen Tjønnstaul: ”Villspel” (MC. Buen Kulturverkstad, 1984)

Kjelder:

- Familietradisjon
- *Olav Bakken: ”Langlim”* (Eige forlag, 1973)